



POLITIHØGSKOLEN

STUDIEPLAN

UTDANNING I POLITIOPPGÅVER INNANFOR DEN SIVILE RETTSPLEIA

60 studiepoeng

Godkjent i høgskolestyret
17. oktober 2012

1. Innleiing

Politidistrikta handsamar ei rekkje oppgåver innanfor den sivile rettspleia etter eit omfattande og til dels komplisert regelverk.

Politihogskolen vil medverke til høgare kvalitet og likehandsaming gjennom utdanning for tilsette i politiet som har oppgåver innanfor den sivile rettspleia, og soleis medverke til betre rettstryggleik for partane og i heile samfunnet.

Studiet er organisert i ein grunnleggjande fellesmodul og fleire sjølvstendige modular som rettar seg mot einskilde saksområde:

- modul 1: innføring i juridisk metode - 5 studiepoeng
- modul 2A: tvangsåtgjerd - 25 studiepoeng
- modul 2B: gjeldsordning etter gjeldsordningslova - 15 studiepoeng
- modul 2C: sekretariatsarbeid for forlikrådet - 10 studiepoeng
- modul 2D: andre sivile gjeremål i politiet - 5 studiepoeng

2. Føremål

Utdanninga skal medverke til betre rettstryggleik for borgarane gjennom at juridisk sakshandsaming vert utført med høg kvalitet og tilfredsstillande sakshandsamingstid.

3. Målgruppe og opptakskrav

3.1 Målgruppe

Den primære målgruppa er tilsette i politiet som har oppgåver innanfor den sivile rettspleia som hovudarbeidsområde, eller som er tiltenkt slike oppgåver i samsvar med lokale kompetanseutviklingsplanar.

3.2 Opptakskrav

Søkjarar til modul 1 må:

- vere tilsette i politi- og lensmannsetaten
- ha eitt års praksis i etaten
- arbeide med juridiske problemstillingar i utdanningsperioden

Etter særskilt vurdering kan det gjerast unntak frå praksiskravet.

Søkjarar til modul 2A-2D må frå 1. januar 2015 ha gjennomført modul 1 i juridisk metode eller annan relevant juridisk utdanning på høgskole-/universitetsnivå.

Søkjarane må dokumentere ålmenn studiekompetanse eller utdanning som svarer til minst 60 studiepoeng, eller ha realkompetanse som kan erstatte manglande formell kompetanse.

3. Modul 1 - Juridisk metode - 5 studiepoeng

Modulen gir ei innføring i kva juss er. Modulen handlar om rettsleg tenking og korleis ein ved bruk av juridisk metode kjem fram til kva ein rettsregel går ut på. I tillegg handlar faget om bruk av rettsreglar i faktiske situasjonar.

3.1 Læringsutbytte

Ålmenn kompetanse

Etter avslutta utdanning skal studentane kunne:

- forstå korleis innhaldet i ein rettsregel vert fastlagt, og at det er viktig å forankre arbeidet i juridisk metode.
- vise større innsikt og tryggleik i yrkesrolla

Kunnskapar

etter gjennomført utdanning har studentane grunnleggjande kunnskap om:

- kva som er eit juridisk problem
- rettsbruksprosessen
- metodespørsmål: relevans, slutning og vekt

Ferdigheiter

Etter avslutta utdanning skal studentane kunne:

- finne fram til faktum og forklare juridiske problem som ligg føre i aktuelle saker i eigen praksis
- bruke juridisk metode for å løyse problem i eigne saker

3.2 Organisering og arbeidskrav

Studiet er lagt opp som eit deltidsstudium med samlingstid og studiearbeid utanom samlingane, og skal i regelen gjennomførast på to månader. Utdanninga tar om lag 140 timar. Det omfattar undervising, øvingsoppgåver, individuelt arbeid, gruppearbeid, nettbasert arbeid og litteraturstudium. Arbeid med saker vil vere ei sentral læringsform i utdanninga.

Samlingstida utgjer inntil 40 timar som kan fordelast over kortare eller lengre tid. Det er obligatorisk å delta på samlingane.

Arbeidsmåttane i studiet skal gi studentane godt læringsutbyte, og særleg klargjere sambandet mellom juridisk metode og praksis. Det vert lagt vekt på varierte arbeidsformer med mykje studentaktivitet.

Ei nettbasert læringsplattform vert brukt til administrasjon og pedagogisk gjennomføring av studiet.

Arbeidskrav

Arbeidskrav som må vere oppfylte og godkjente før studentane kan ta eksamen:

- ei individuell skriftleg oppgåve der studentane skal forklare og vurdere bruken av juridisk metode relatert til eigen praksis (inntil 1500 ord)

3.3 Vurdering

Studiet vert avslutta med ein individuell heimeeksamen over fire timar. Karakterane er bestått / ikkje bestått.

3.4 Litteratur

3.4.1 Obligatorisk pensum (totalt 313 sider)

Boe, E. M. (2010). *Innføring i juss: Juridisk tenkning og rettskildelære* (3. utg.). Oslo: Universitetsforlaget. Pensum: Kapittel 8 (Rettsystematikk) og heile del 2 (Rettskildelære i hovedtrekk).

3.4.2 Tilrådd litteratur

Bertnes, P.A., Kongshavn, H. & Trygstad, K. D. (2012). *Praktisk rettskildelære: Juridisk informasjonssøking* (4. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.

4. Modul 2A - Tvangsåtgjerd - 25 studiepoeng

Tvangsåtgjerd er eit omfattande rettsområde, der namsmyndigheita har ein omfattande heimel til å bruke tvang mot borgarane for å oppfylle ulike typar krav. Sakene spenner frå utleggsforretningar til tvangssal og fråvikingar. Tvangsåtgjerdsløva er ei prosessuell særlov som set dei ytre rammene for tvangsåtgjerd.

4.1 Læringsutbyte

Ålmenn kompetanse

Etter avslutta utdanning skal studentane kunne:

- vise større innsikt og tryggleik i rolla som sakshandsamar
- vise sjølvstendig ansvar for sakshandsaminga innanfor tvangsåtgjerd

Kunnskapar

Etter gjennomført utdanning har studentane grunnleggjande kunnskap om:

- reglane i tvangsåtgjerdsløva for handsaming av ulike sakstypar
- rammene for maktutøving etter tvangsåtgjerdsløva
- reglane om klage, habilitet og teieplikt
- andre tilgrensande rettsreglar
- rettskjelder
- organiseringa av domstolane
- rolla til namsmannen
- kommunikasjon og konflikthandsaming

Ferdigheiter

Etter avslutta utdanning skal studentane kunne:

- bruke grunnleggjande juridisk metode
- gjere greie for dei grunnleggjande reglane og prinsippa knytt til handsaminga av saker etter tvangsåtgjerdsløva

- fatte vedtak og grunngi val i tråd med sakshandsamingsreglane og grunnleggjande rettstryggleiksprinsipp
- utøve sakshandsaming i tråd med reglane om habilitet og teieplikt
- gi råd og rettleiing til publikum

4.2 *Organisering og arbeidskrav*

Studiet er organisert som eit deltidsstudium med samlingar og studiearbeid utanom samlingane, og skal i regelen gjennomførast på ti månader. Utdanninga tar om lag 700 timar. Det omfattar undervising, øvingsoppgåver, individuelt arbeid, gruppearbeid, nettbasert arbeid og litteraturstudium. Arbeid med saker vil vere ei sentral læringsform i utdanninga.

Samlingane utgjer inntil 140 timar som kan fordelast over kortare eller lengre tid. Det er obligatorisk å delta på samlingane.

Arbeidsmåtene i studiet skal gi studentane godt læringsutbyte, og særleg klargjere sambandet mellom teori og praksis. Det vert lagt vekt på varierte arbeidsformer med mykje studentaktivitet.

Ei nettbasert læringsplattform vert brukt til administrasjon og pedagogisk gjennomføring av studiet.

Arbeidskrav

Arbeidskrav som må vere oppfylte og godkjente før studentane kan ta eksamen:

- to individuelle fagoppgåver (kvar på inntil 1600 ord)
- eit refleksjonsnotat på inntil 800 ord over læringsutbytet frå studiet

4.3 Vurdering

Studiet vert avslutta med innlevering av to arbeid:

- ei individuell oppgåve skriven i samsvar med juridisk metode innanfor eit pensumområde som studentane arbeider med gjennom heile studiet (inntil 4000 ord)
- ein individuell skriftleg heimeeksamen over fire timar

Karakterskalaen er gradert i fem trinn frå A til E for bestått og F for ikkje bestått. Sluttkarakteren vert sett etter ei vurdering der karakteren for den individuelle oppgåva og eksamenskarakteren har lik vekt.

4.4 Litteratur

4.4.1 Obligatorisk pensum (831 sider)

Bråten, O. A. (2011). *Håndbok i konflikthåndtering: Forebygging av trakassering, trusler og vold*. Kristiansand: Høyskoleforlaget. Pensum: side 9-135 (totalt 126 sider).

Bunes, R., Borge-Andersen, L., Dey, A. & Sundet, N. L. (2009). *Tvangsfullbyrdelse og gjeldsordning* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget. Pensum: Kapittel 1 t.o.m. 13 (om lag 311 sider).

Røed, A. C. (2009). *Foreldelse av fordringer: Kommentarer til lov av 18. mai 1979 nr. 18 om foreldelse av fordringer og utvalgte foreldelsesbestemmelser i spesiallovgivningen* (3. utg.). Oslo: Cappelen. Pensum: Del I side 49-84, Del II side 111-161, side 351-359, side 437-476, side 561-582 og side 597-619. (totalt om lag 155 sider).

Skoghøy, J. E. A. (2003). *Panteloven 8. februar 1980 nr. 2* (2. utg.). Oslo: Gyldendal. Pensum: side 71-106 og side 453-482 (totalt om lag 64 sider).

Wyller, C. Fr. (2009). *Boligrett* (5. utg.). Stavanger: C. F. Wyller. Pensum: side 213-388 (totalt om lag 175 sider).

4.4.2 Tilrådd litteratur

Løvold, V. (2008). *Utleggstrekk*. Oslo: Cappelen. Side 41-203.

Sæbø, K. & Haakensen, V. (2011). *Utleggsforretninger*. Drammen:
Tvangsfullbyrdelse DA. Side 41-109.

5. Modul 2B: Gjeldsordningslova - 15 studiepoeng

Gjeldsordningslova gir skuldnarar med alvorlege gjeldsproblem rett til å få ettergitt gjeld for å få kontroll over økonomien sin. Namsmannen kontrollerer at søkjaren oppfyller vilkåra i lova, før skuldnaren får råd, rettleiing og bistand under forhandlingane med kreditorane om ei gjeldsordning.

5.1 Læringsutbytte

Ålmenn kompetanse

Etter avslutta utdanning skal studentane kunne:

- vise innsikt og tryggleik i rolla som sakshandsamar
- vise sjølvstendig ansvar for handsaming av oppgåver knytt til rolla som sakshandsamar for søknadar etter gjeldsordningslova

Kunnskapar

Etter gjennomført utdanning har studentane grunnleggjande kunnskap om:

- reglane i gjeldsordningslova
- andre tilgrensande rettsreglar
- reglane om klage, habilitet og teieplikt
- rettskjelder
- organiseringa av domstolane
- rolla til namsmannen

Ferdigheiter

Etter avslutta utdanning skal studentane kunne:

- bruke grunnleggjande juridisk metode
- gjere greie for dei grunnleggjande prinsippa for handsaming av søknadar etter gjeldsordningslova
- fatte vedtak og grunngi val i tråd med sakshandsamingsreglane og grunnleggjande rettstryggleiksprinsipp
- gi råd og rettleiing til publikum

5.2 Organisering og arbeidskrav

Studiet er lagt opp som eit deltidsstudium med samlingar og studiearbeid utanom samlingane, og skal i regelen gjennomførast på seks månader. Utdanninga tar om lag 420 timar. Det omfattar undervising, øvingsoppgåver, individuelt arbeid, gruppearbeid, nettbasert arbeid og litteraturstudium. Arbeid med saker vil vere ei sentral læringsform i utdanninga.

Samlingane utgjer inntil 105 timar som kan fordelast over kortare eller lengre tid. Det er obligatorisk å delta på samlingane.

Arbeidsmåttane i studiet skal gi studentane godt læringsutbyte, og særleg klargjere sambandet mellom teori og praksis. Det vert lagt vekt på varierte arbeidsformer med mykje studentaktivitet.

Ei nettbasert læringsplattform vert brukt til administrasjon og pedagogisk gjennomføring av studiet.

Arbeidskrav

Arbeidskrav som må vere oppfylte og godkjente før studentane kan ta eksamen:

- to individuelle oppgåver, kvar på inntil 1200 ord

5.3. Vurdering

Studiet vert avslutta med innlevering av to arbeid:

- ei individuell oppgåve skriven i samsvar med juridisk metode innanfor eit pensumområde som studentane arbeider med gjennom heile studiet (inntil 2000 ord)
- ein individuell skriftleg heimeeksamen over to timar

Karakterskalaen er gradert i fem trinn frå A til E for bestått og F for ikkje bestått. Sluttkarakteren vert sett etter ei vurdering der karakteren for den individuelle oppgåva og eksamenskarakteren har lik vekt.

5.4 Litteratur

5.4.1 Obligatorisk pensum (477 sider)

Rokhaug, E. (2008). *Gjeldsordningsloven i teori og praksis* (2. utg.). Oslo: E.

Rokhaug. Pensum: side 23-524 (477 sider).

6. Modul 2C: Sekretariatsarbeid for forlikrådet - 10 studiepoeng

Forlikrådet har ei viktig rolle i sivilprosessen og handsamar mange ulike typar tvistar som førsteinstans. I tillegg til å mekle forlik mellom partane har forlikrådet òg kompetanse til å avseie dommar. Sekretariatsarbeidet skal gi administrativ støtte til forlikrådet.

6.1 Læringsutbyte

Ålmenn kompetanse

Etter avslutta utdanning skal studentane kunne:

- vise innsikt og tryggleik i rolla som sakshandsamar
- vise sjølvstendig ansvar for handsaming av oppgåver knytt til rolla som sakshandsamar i tvistemålsaker

Kunnskapar

Etter gjennomført utdanning har studentane grunnleggjande kunnskap om:

- gangen i ei tvistesak
- innhaldet i partsevne, prosessuell handleevne og reglane om verneting
- særlege reglar i tvistelova for handsaming av saker i forlikrådet
- andre tilgrensande rettsreglar
- rettskjelder
- organiseringa av domstolane
- reglane om teieplikt og habilitet

Ferdigheiter

Etter avslutta utdanning skal studentane kunne:

- bruke grunnleggjande juridisk metode
- gjere greie for dei grunnleggjande prinsippa knytt til handsaminga av saker i forlikrådet
- fatte vedtak og grunngi val i tråd med sakshandsamingsreglar og grunnleggjande rettstryggleiksprinsipp

- gi råd og rettleiing til publikum

6.2 *Organisering og arbeidskrav*

Studiet er lagt opp som eit deltidsstudium med samlingar og studiearbeid utanom samlingane, og skal i regelen gjennomførast på seks månader. Utdanninga tar om lag 280 timar. Det omfattar undervising, øvingsoppgåver, individuelt arbeid, gruppearbeid, nettbasert arbeid og litteraturstudium. Arbeid med saker vil vere ei sentral læringsform i utdanninga.

Samlingane utgjer inntil 70 timar som kan fordelast over kortare eller lengre tid. Det er obligatorisk å delta på samlingane.

Arbeidsmåtanane i studiet skal gi studentane godt læringsutbyte, og særleg klargjere sambandet mellom teori og praksis. Det vert lagt vekt på varierte arbeidsformer med mykje studentaktivitet.

Ei nettbasert læringsplattform vert brukt til administrasjon og pedagogisk gjennomføring av studiet.

Arbeidskrav

Arbeidskrav som må vere oppfylte og godkjente før studentane kan ta eksamen:

- ei individuell oppgåve (inntil 1200 ord)
- eit refleksjonsnotat på inntil 1200 ord knytt til læringsutbytet frå studiet

6.3. *Vurdering*

Studiet vert avslutta med ein individuell skriftleg heimeeksamen over 4 timar. Karacterskalaen er gradert i fem trinn frå A til E for bestått og F for ikkje bestått.

6.4 Litteratur

6.4.1 Obligatorisk pensum - 313 sider

Rønning, K., Siljeholm, W., Reusch, C. Røed, D. & Taraldsrud, S. (2008).

Forlikrådet (2. utg.). Bergen: Fagbokforlaget. Pensum: side 11-199.

Schei, T., Bårdsen, T., Nordén, D. B., Reusch, C. H. P. & Øie, T. M. (2007).

Tvisteloven: Kommentartutgåve (B. I). Oslo: Universitetsforlaget. Pensum: sidene 196-22, 230-233, 245-341.

7. Modul 2D: Andre sivile gjeremål i politiet - 5 studiepoeng

Politiet har oppgåver innanfor den sivile rettspleia som tradisjonelt er knytte til lensmannsrolla. Det kan vere oppdrag knytt til å gi notoritet rundt rettshandlingar og protokollering eller utøving av skjønn knytt til sivil rettspleie.

7.1 Læringsutbyte

Ålmenn kompetanse

Etter avslutta utdanning skal studentane kunne:

- vise større innsikt og tryggleik i rolla som sakshandsamar for andre sivile gjeremål
- ta sjølvstendig ansvar for å handsame andre sivile gjeremål i politiet

Kunnskapar

Etter gjennomført utdanning har studentane grunnleggjande kunnskap om:

- oppgåvene til hovudstemnevitnet
- føring av dødsfallprotokoll
- skjønnsforretningar
- naturskadetakstar
- notarialforretningar
- registreringsforretningar i samband med konkurs og skifte

Ferdigheiter

Etter avslutta utdanning skal studentane kunne:

- gjere greie for og bruke dei grunnleggjande saksbehandlingsprinsippa etter dei aktuelle særlovene
- gi råd og rettleiing til publikum

7.2 *Organisering og arbeidskrav*

Studiet er lagt opp som eit deltidsstudium med samlingar og studiearbeid utanom samlingane, og skal i regelen gjennomførast på fire månader. Modulen tar om lag 140 timar. Det omfattar undervising, øvingsoppgåver, ekskursjonar, individuelt arbeid, gruppearbeid, nettbasert arbeid og litteraturstudium.

Samlingstida utgjer inntil 40 timar som kan fordelast over kortare eller lengre tid. Det er obligatorisk å delta på samlingane.

Arbeidsmåtene i studiet skal gi studentane godt læringsutbyte, og særleg klargjere sambandet mellom teori og praksis. Det vert lagt vekt på varierte arbeidsformer med mykje studentaktivitet.

Ei nettbasert læringsplattform vert brukt til administrasjon og pedagogisk gjennomføring av studiet.

Arbeidskrav

Arbeidskrav som må vere oppfylte og godkjente før studentane kan ta eksamen:

- eit individuelt refleksjonsnotat på inntil 800 ord knytt til læringsutbytet frå studiet

7.3. *Vurdering*

Studiet vert avslutta med ein individuell skriftleg heimeeksamen over to timar. Karakterane er bestått / ikkje bestått.

7.4 *Litteratur*

7.4.1 Obligatorisk pensum

Pensumet vil verte utarbeidd før den fyrste utlysinga.